

Høyringsforslag til kunnskapsgrunnlag for bustadsosial handlingsplan**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Camilla Longva Larsen
E-post: postmottak@haram.kommune.no

Arkivsak: 25/2437
Journalpost: 25/19885

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
074/25	Formannskapet	14.10.2025

074/25 - Formannskapet**Vedtak:**

Haram formannskap har ikkje merknader til det utarbeidde forslaget til kunnskapsgrunnlaget og tiltaksoversikt for bustadsosial handlingsplan og vedtek å sende forslaget ut på høyring. Kommunedirektør set frist for å kome med innspel til høyringsforslaget og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.

Behandling:**Votering:**

Kommunedirektøren si innstilling samrøystes vedtatt:

Kommunedirektøren si innstilling:

Haram formannskap har ikkje merknader til det utarbeidde forslaget til kunnskapsgrunnlaget og tiltaksoversikt for bustadsosial handlingsplan og vedtek å sende forslaget ut på høyring. Kommunedirektør set frist for å kome med innspel til høyringsforslaget og får mynde til å gjere mindre språklege endringar.

Saksgang:

Saka går til formannskapet for vedtak om offentleg høyring før sluttbehandling i medverknadsråda, formannskapet og kommunestyret.

Samandrag:

Det er i planstrategi vedteke av Haram kommunestyre at det skal utarbeidast ein bustadsosial handlingsplan i 2025. Planen skal vere eit strategisk verktøy for kommune sitt bustadsosiale arbeid og sikre ei heilskapleg tilnærming. For å lukkast er avgrensing til andre kommunale planar sentralt. Bustadsosialt arbeid omfattar fleire tenester og krev innsats på tvers av kommunalområda, styrings- og arbeidsgruppe har vore tverrfagleg samansett for utarbeiding av høyringsforslaget.

Saksopplysningar:

Lov om kommunes ansvar på det boligsosiale feltet trådte i kraft 01.07.23. Bakgrunnen var behov for tydelegare ansvars plassering, auka rettstryggleik for innbyggjarane og med stor vekt på kommunalt sjølvstyre. Lova stiller krav til kommunens førebyggjande arbeid, oversiktsarbeid og planarbeid. Med hensikt å førebygge bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden får hjelp til å skaffe og behalde eigna bustad. Målet med lova var å etablere eit klarare og tydelegare regelverk, slik at den bustadsosiale hjelpa blei meir lik i heile landet.

Når det gjeld kommunen sitt ansvar for å ta bustadsosiale omsyn i planlegging, skjerper lova desse krava og still strengare krav til saksbehandling. Kommunen må ha ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte (§ 5). Oversikta skal vere eit grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi

Formål i mandatet for utarbeiding av bustadsosial plan for arbeidsgruppa har vore:

- Sikrar at vanskelegstilte på bustadmarknaden i Haram har tilgang til ein trygg og stabil bustad.
- Styrkjer innsatsen for vanskelegstilte på bustadmarknaden og sikre at dei får individuelt tilpassa bistand.
- Fremjar sosial, klima, miljø og økonomisk berekraft i bustadpolitikken.
- Sørger for god samhandling mellom tenesteområda i kommunen.
- Styrkjer kunnskapen om bustadbehovet i kommunen.
- Innarbeida tiltak i budsjett og økonomiplan for å sikre gjennomføring.
- Arbeidet med plan må sjåast i samheng med arealplan og eigendomsstrategi

Kunnskapsgrunnlag til bustadsosial handlingsplan inneheld mellom anna:

- Overordna målsettingar for heilskapleg bustadsosialt arbeid
- Relevante avgrensingar
- Kommunen si organisering av bustadsosialt arbeid
- Definisjon av bustadsosialt arbeid og vanskelegstilte på bustadmarknaden
- Husbanken sine verkemiddel
- Tiltaksversikt

Planen er tilgjengeleg i Framsikt: [Kunnskapsgrunnlag bustadsosial handlingsplan](#)

Vurderingar:

Kommunen har eit lovpålagt ansvar for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden (lov om kommunens ansvar på det boligsosiale feltet) og kunnskapsgrunnlaget er i tråd med nasjonale føringar og lokale målsetjingar.

Planen bygger på ei tverrfagleg kartlegging av bustadbehovet i kommunen og identifiserer målgrupper for planen. Nokre grupper i samfunnet er særleg sårbare på bustadmarknaden, kunnskap om kva utfordringar vi har lokalt og vil få er relevant for at gapet mellom vanskelegstilte sine utfordringar og samfunnet sine normer bli redusert. For å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor krev det styrking av eksisterande bustadmasse, betre samordning av tenestene og tettare samarbeid med private aktørar og Husbanken.

Overordna målsetting er «Saman om ein trygg og tilpassa heim». Som kommune er vi avhengig av å arbeide saman internt, saman med eksterne aktørarar og ikkje minst saman

med den det gjeld. Vidare at den enkelte kjenner seg trygg i eigen bustad, som handlar om meir enn tak over hovudet, men også livskvalitet, verdigheit og moglegheit til å delta i samfunnet. At heimen er tilpassa gjer at ein kan bu der lengre og meistre eit sjølvstendig liv.

I mandatet er det beskriven at arbeidsgruppa skal sikre innbyggjarinvolvering og brukarperspektivet i arbeidet med planen og utviklinga av bustadsosiale tiltak. Høyring vil legge til rette for at innbyggjarane, organisasjonar, næringsliv og andre interessert får høve til å medverke og kome med innspel. Det er viktig med ein inkluderande og tilgjengeleg høyringsprosess for å få fram lokal kunnskap, synspunkt og forslag som kan bidra til å gjere planen meir treffsikker for dei det gjeld.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Temaplanen skal rullerast kvart fjerde år og tiltaksoversikta skal vere ein del av årleg budsjettbehandling. Nokre av tiltaka krev investeringar og prioriteringar økonomisk, det er ikkje lagt inn økonomiske konsekvensar i høyringsforslaget, det vil utarbeidast til sluttbehandling. I tillegg til kommunale investeringar er det lagt opp til bruk av statlege verkemiddel som Husbanken sine tilskot og låneordningar.

Ansaret for bustadsosialt arbeid i Haram er delt mellom dei ulike kommunalområda og det er foreslått i planen at ein vidareførar arbeidsgruppa for planen for å sikre velfungerande samspel mellom tenestene for gode bustadtilbod til vanskelegstilte.

Konklusjon med grunngiving:

Kunnskapsgrunnlaget til den bustadsosiale handlingsplanen slik det en framlagt definera sentrale mål og tiltak for å førebygge bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte på bustadmarknaden får hjelp til å skaffe seg og behalde egna bustad. Den gir også ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte, slik forslaget ligg.

Kommunedirektøren tilrår at kunnskapsgrunnlaget til bustadsosial handlingsplan vert lagt ut på høyring slik den ligg føre.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør